



RUTINE

# Utsett og framskunda skulestart

for kommunane Etne og Vindafjord



**2026 - 30**

*Dokumentet er felles for Vindafjord og Etne kommune og skal jamleg vurderast og oppdaterast ved behov.*

*Utarbeida mai 2026 av Silvia Raquel Eskeland, spesialpedagog Etne Kommune, Merete Djuve, einingsleiar Vikedal skule og Sonja Hundseid Lærdal, einingsleiar PPT Etne og Vindafjord*

*Godkjent av kommunalsjef Mona Rasmussen Sævik i Etne og Nils Erik Eide i Vindafjord kommune 19.05.26.*

## Innhold

1. Føremål .....	3
2. Lovgrunnlag.....	3
2.1 Rett og plikt til grunnskuleopplæring .....	3
2.2 Utsett og framskunda skulestart .....	3
2.3 Tilpassa opplæring og omsyn til barnet sine evner.....	3
2.4 Barnet sitt beste .....	4
3. Kommunal praksis .....	4
4. Kven gjer kva – roller og ansvar .....	4
Føresette/foreldre .....	4
Barnehagen .....	4
Skulen.....	5
PPT .....	5
5. Saksgang.....	5
Steg 1: Drøfting .....	5
Steg 2: Søknad .....	5
Steg 3: Sakkunnig vurdering .....	5
Steg 4: Vedtak.....	6
6. Vurdering av utsett eller framskunda skulestart .....	6
7. Oppfølging.....	6
8. Innsyn og arkivering.....	6
Søknad om utsett/framskunda skulestart.....	7

## 1. Føremål

Denne rutina skal sikra ein felles, forsvarleg og lovmessig praksis i Vindafjord og Etne kommune ved behandling av saker om utsett eller framskunda skulestart. Vurderingane skal ta utgangspunkt i barnet sitt beste, og byggja på gjeldande lovverk, sakkunnig vurdering og samarbeid mellom føresette/foreldre, barnehage, skule og pedagogisk-psykologisk teneste (PPT).

## 2. Lovgrunnlag

### 2.1 Rett og plikt til grunnskuleopplæring

Barn har rett til offentleg grunnskuleopplæring og plikt til grunnskuleopplæring frå det året barnet fyller 6 år, og til dei har avslutta det 10. trinnet jf. oppl § 2-1 og 2-2 .

### 2.2 Utsett og framskunda skulestart

I opplæringslova § 2-4 står det at kommunen skal la eit barn byrje på skulen det året barnet fyller sju år, dersom føresette/foreldre søker om det eller samtykkjer, og det etter ei sakkunnig vurdering er tvil om at barnet er kome langt nok i utviklinga si til at det bør byrje på skulen det året barnet fyller seks år.

Det står vidare at kommunen kan la eit barn byrja på skulen det året barnet fyller fem år, dersom føresette/foreldre søker om det eller samtykkjer, og ei sakkunnig vurdering viser at det er forsvarleg.

### 2.3 Tilpassa opplæring og omsyn til barnet sine evner

Kommunen og fylkeskommunen skal sørgja for at opplæringa er tilpassa, det vil seia at elevane får eit tilfredssillande utbytte av opplæringa uavhengig av føresetnader, og at alle skal få utnytta og utvikla evnene sine jf oppl § 11-1.

Ved vurdering av utsett eller framskunda skulestart skal det gjerast ei konkret vurdering av om barnet sine behov best kan ivaretakast gjennom:

- tilpassa opplæring innanfor ordinær skulestart, eller
- utsett eller framskunda skulestart som særskilt tiltak.

## 2.4 Barnet sitt beste

Vurderingane skal vere i tråd med FNs barnekonvensjon artikkel 3 (barnet sitt beste) og artikkel 12 (rett til å bli høyrd). Barnet sine meiningar skal vektleggjast i den grad barnet er i stand til å gi uttrykk for dei.

## 3. Kommunal praksis

Etne og Vindafjord kommune tilrår skulestart i samsvar med hovudregelen i opplæringslova. Utsett eller framskunda skulestart kan innvilgast når ei heilskapleg vurdering viser at dette er til barnet sitt beste.

Føresette, barnehage og PPT kan ta initiativ til å ta opp spørsmål om utsett/framskunda skulestart.

Før ein søker utsett eller framskunda skulestart skal ein vera klar over:

- Alle barn som byrjar på skulen skal få best mogeleg start, med vekt på trivnad, tryggleik og læring.
- Opplæringa skal vera tilpassa barnet sine evner og føresetnader og leggja grunnlag for fagleg og sosial mestring og utvikling.
- Barnet sitt beste skal vera eit grunnleggjande hensyn.

## 4. Kven gjer kva – roller og ansvar

### Føresette/foreldre

- Drøfta spørsmål om utsett eller framskunda skulestart med skule, barnehage eller PPT
- Delta på tverrfagleg møte med aktuelle instansar.
- Sender skriftleg søknad til skulen dersom dei ynskjer å gå vidare.
- Samtykker til tilvising og sakkunnig vurdering til PPT.
- Samarbeider med PPT om utredning.
- Har klagerett på vedtak.

### Barnehagen

- Drøftar spørsmålet i samarbeid med føresette/foreldre.
- Drøftar sak på PP-dag/Ressursteam.  
Dersom føresette ynsker det, kan rektor også delta på møtet.

- Tilviser til PPT dersom ikkje saka allereie er tilvist. Be om samtykke til sakkunnig vurdering.
- Sender samtykke til sakkunnig vurdering, pedagogisk rapport med kartleggingar som del av vurderingsgrunnlaget til PPT med kopi til føresette.
- Barnehage tek initiativ til tverrfaglege møte.

## Skulen

- Tek del i samarbeid og overgangsplanlegging med føresette, barnehage og aktuelle instansar ved søknad om utsett/framskunda skulestart.
- Rektor fattar enkeltvedtak på vegne av kommunen på bakgrunn av sakkunnig vurdering.

## PPT

- Gir rettleiing til føresette/foreldre, barnehage og skule.
- Utarbeider sakkunnig vurdering og som del av denne, vurderer om utsett eller framskunda skulestart er til barnet sitt beste.
- Sender sakkunnig vurdering til skulen innan fastsett frist ved framskunda skulestart, og til skule og barnehage ved utsett skulestart.

## 5. Saksgang

### Steg 1: Drøfting

Før eventuell søknad, skal føresette/foreldre få rettleiing gjennom drøfting med barnehage, skule og PPT.

### Steg 2: Søknad

- Føresette/foreldre sender skriftleg søknad til skulen v/ rektor (sjå vedlegg)
- Søknadsfrist: **15. januar** det aktuelle året.

### Steg 3: Sakkunnig vurdering

- Barnehage sender samtykke til sakkunnig vurdering til PPT.
- PPT utarbeider sakkunnig vurdering utan ugrunna opphald, men seinast innan **15. april**, i samsvar med lowerket.

## Steg 4: Vedtak

- Rektor fattar enkeltvedtak.
- Vedtaket skal vera skriftleg og grunngjeve, jf. forvaltningslova § 24.
- Føresette/foreldre har klagerett etter forvaltningslova §§ 28–34.

## 6. Vurdering av utsett eller framskunda skulestart

Vurderinga skal vera heilskapleg og byggja på oppdatert og relevant informasjon om barnet. Det skal mellom anna vurderast:

- årsaka til søknad om utsett eller framskunda skulestart
- barnet sitt utviklingsnivå (kognitivt, språkleg, sosialt og motorisk)
- barnet sine styrkar, utfordringar og behov
- barnet sitt beste
- kva barnehagen kan tilby ved utsett skulestart
- kva skulen kan tilby gjennom tilpassa opplæring
- organisatoriske forhold som gruppestorleik, alderssamansetjing, skule- og SFO-tilbod

Observasjon av barnet, samtale med barnet og samtale med føresette/foreldre skal inngå i vurderingsgrunnlaget.

## 7. Oppfølging

Ved innvilga utsett skulestart er det ein føresetnad at barnet har barnehageplass det aktuelle året. Eventuell spesialpedagogisk hjelp i barnehagen bør vidareførast der dette er aktuelt. Skule og PPT samarbeider om overgang og oppfølging.

## 8. Innsyn og arkivering

Føresette/foreldre har rett til innsyn i saka sine dokument, jf. forvaltningslova §§ 18 og 19. Dokumentasjon skal arkiverast i tråd med gjeldande regelverk.

## Søknad om utsett/framskunda skulestart

Søknaden gjeld:		
Namn:		Fødselsdato:
Adresse:	Postnr. og stad:	Tlf:
Skulen der barnet er/vert innmeld:		
Barnehagen barnet har plass i:		
Mor sitt namn:		Tlf:
Mor si adresse:		Post.nr.
Mor si e-post:		Poststad:
Far sitt namn:		Tlf:
Far si adresse:		Post.nr
Far sin e-post:		Poststad:
<p><input checked="" type="radio"/> Me søker utsett skulestart for barnet vårt.</p> <p><input type="radio"/> Me søker om framskunda skulestart for barnet vårt.</p>		
<p style="text-align: center;"><b>Samtykkeerklæring</b></p> <p>Me gir samtykke til at søknad vert brukt som grunnlag for tilvising til pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) for sakkunnig vurdering, og at barnehagen og ovannemnde skule kan kontaktast for uttale. Både mor og far må gje samtykke til sakkunnig vurdering. Me er innforstått med at PPT vil gjera kartleggingar av barnet vårt gjennom våren og at me får nærare innkalling frå PPT.</p>		
Stad og dato:	Mor si underskrift:	
Stad og dato:	Far si underskrift:	